

Fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane

Nye funksjonsklassar



Utarbeidd i samsvar med godkjent Regional transportplan

Innhold

1.	Innleiing.....	3
2.	Kriterium for å definere funksjonsklassane.....	4
3.	Funksjonsklassar	5
4.	Inndeling av fylkesvegnettet i funksjonsklassar.....	6
4.1	Askvoll kommune	7
4.2	Aurland kommune.....	7
4.3	Balestrand kommune	8
4.4	Bremanger kommune.....	8
4.5	Eid kommune	8
4.6	Fjaler kommune	9
4.7	Flora kommune	9
4.8	Førde kommune	10
4.9	Gaular kommune.....	10
4.10	Gloppen kommune.....	11
4.11	Gulen kommune.....	11
4.12	Hornindal kommune.....	12
4.13	Hyllestad kommune.....	12
4.14	Høyanger kommune	12
4.15	Jølster kommune	13
4.16	Leikanger kommune	13
4.17	Luster kommune	13
4.18	Lærdal kommune	14
4.19	Naustdal kommune	14
4.20	Selje kommune.....	14
4.21	Sogndal kommune.....	14
4.22	Solund kommune	15
4.23	Stryn kommune.....	15
4.24	Vik kommune	15
4.25	Vågsøy kommune.....	16
4.26	Årdal kommune.....	16

1. Innleiing

Fylkestinget vedtok Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 - 23 i desember 2013.

Regional transportplan (RTP) omhandlar heile transportsystemet i fylket, inkludert transportformer der ansvar og verkemiddel ligg til andre forvaltningsnivå enn det fylkeskommunale. Føremålet er at RTP skal vera ein langsiktig strategiplan for transportsektoren i Sogn og Fjordane.

RTP legg føringar for investeringar på vegnettet i tida framover. Ei inndeling av dei enkelte fylkesvegstrekingane etter funksjon har som hensikt å sikre ei meir hensiktsmessig og effektiv transportplanlegging. Samstundes vil den vere eit grunnlag for å prioritere midlar til standardutbetring, til vedlikehald og til planlegging.

Med utgangspunkt i vedteken Regional transportplan er fylkesvegnettet inndelt i funksjonsklassar som vil bli lagt til grunn for framtidige investeringar og drifts- og vedlikehaldstiltak.

2. Kriterium for å definere funksjonsklassane

Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet er basert på eit sett av kriterier. I utgangspunktet er det nytta objektive kriterium, men også ulike avvegingar er gjort i tillegg.

I arbeidet med funksjonsinndelinga er det lagt til grunn 8 ulike kriterium for å definere funksjonsklassar på vegstrekningar på fylkesvegnettet:

- Reiselengde og transport
Stor del lange reiser (fjerntrafikk) og vegar som er sentrale for regionalt og nasjonalt næringsliv, vil gi høg funksjonsklasse. Der to vegar i utgangspunktet er like, kan trafikkmengda avgjera om dei kjem i same klasse. Veg med stor del lange reiser indikerer viktig transportfunksjon.
- Samband mellom region- og kommunesentre, gjennomgangsvegar
Vegsamband mellom kommunesenter og veg med funksjonsklasse A eller B bør minst ha funksjonsklasse C. Viktige vegar for kryssing av fylkesgrenser bør ha klasse B.
- Befolkningskonsentrasjonar
Tettstader, bygder og grender skal minst ha eit vegsamband med funksjonsklasse D til veg av høgare funksjonsklasse. Det same gjeld befolkningskonsentrasjonar av ein viss betyding.
- Vegtettheit
I område med mange vegar er det lettare å gradere vegnettet i fleire nivå, dvs. prioritere mellom ein eller fleire parallelle vegstrekningar som vi ønskjer å utvikle til ei god transportåre. I spreiddbygde område er det færre vegar og kvar veg vil ha ei blanding av transport- og tilkomstfunksjon. På grunn av dette kan ein større del av vegane i eit område med høg vegtettheit graderast i lågare funksjonsklasser enn i spreiddbygde område.
- Viktige kollektivknutepunkt
Tilkomst mellom hovudveg og viktige kollektivknutepunkt skal minst ha funksjonsklasse C.
- Vegen sin omgjevnad
Det er tatt omsyn til strekningar med tett busetnad og ulike typar verksemder. Vegar som er tilførselsveg til område sett av til større næringsområde eller attraksjonar bør minst ha funksjonsklasse D.
- Vegen sin funksjon i det nasjonale vegnettet
Det er tatt omsyn til vegen sin funksjon på andre sida av fylkesgrensa, samt ÅDT.
- Spesielle omsyn som omkøyringsveg for riksveg, del tunge kjøretøy, turisme mv.
Vegar som er definert eller har funksjon som omkøyringsveg for nasjonale hovudvegar skal minst ha funksjonsklasse D. I vurderinga skal det leggjast til grunn om det er alternative vegar og om omkøyringsvegane har godt nok drift- og vedlikehald til å kunne ta imot riksvegtrafikk ved uønska hendingar. Andre spesielle omsyn vil kunne vera turistvegar eller vegar som går i spesielle miljø eller omgjevnader og som gjer at vi ønskjer å ivareta dei på ein spesiell måte. Desse vegane skal minst ha funksjonsklasse D.

3. Funksjonsklassar

Med utgangspunkt i desse kriteria er det definert fylgjande funksjonsklassar for fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane:

Funksjonsklasse A – nasjonale hovudveggar

Riksvegane i Sogn og Fjordane; E16, E39, rv. 5, rv. 13, rv. 15, rv. 52, rv. 55.

Funksjonsklasse B - regionale hovudveggar

Vegar med regional funksjon, overordna/regional betydning, relativt mykje trafikk og viktige vegar for næringslivet. I utgangspunktet er dette fylkesveggar med årsdøgertrafikk over 1000 kjt/d og ein stor del lange reiser. Saman med riksvegane utgjer desse eit overordna transportnett. Dei viktigaste vegane som kryssar fylkesgrensene høyrer også med i funksjonsklasse B.

Døme på slike vegar er fv. 60 (Blindheim – Byrkjelo), fv. 57 (Espeland – Knarvik) og fv. 55 (Vadheim – Dragsvik og Sogndal – Lom).

Funksjonsklasse C - lokale hovudveggar

Vegar med viktig lokal, men også ein viss regional, funksjon der hovudfunksjonen er viktige sambandsveggar mellom funksjonsklasse A og B og samband til kommunesentra. Også desse vegane har ein del lange reiser, men reiselengda er gjennomgåande kortare enn for klasse B. Hovudveggar/gater i tettstader høyrer også med i funksjonsklasse C. Desse vegane har gjerne trafikk i storleiken 500-1000 kjt/d.

Døme på slike vegar er fv. 615 (Sandane – Storebru) og fv. 620 (Åheim – Leikanger i Selje)

Funksjonsklasse D – lokale samleveggar

Vegar som bind saman bygder og grender eller gir hovudtilkomst til bygd eller grend. I funksjonsklasse D vil det vera ei blanding av enkeltveggar og kortare samanhengande ruter. Viktigaste samband til turistmål eller større industriområde eller mellom mindre befolkningskonsentrasjonar. Desse vegane har også ein samlefunksjon for trafikk til eller frå vegar i funksjonsklasse B og C. Samleveggar i tettstader/byar høyrer også med i funksjonsklasse D. Dette er for det meste fylkesveggar med låg trafikk, årsdøgertrafikk under 500 kjt/d.

Døme på slike vegar er fv. 724 (Olden – Briksdalsbreen), fv. 331 (Skjolden – Ornes) og fv. 92 (Vikøyri – Arnafjord).

Funksjonsklasse E - lokale tilkomstveggar


Vegane har primært lokale funksjonar. Fungerer som samleveggar og er dominert av tilkomst til bustader og verksemder langs vegane. I denne funksjonsklassen er det nokre fylkesveggar med svært låg trafikk og avgrensa funksjon. Det er også ein funksjonsklasse som passar for mange kommunale veggar.

Døme på vegar i denne funksjonsklassen er fv. 214 (Fimreite), fv. 152 (Menes – Ulvestad) og fv. 362 (Askvoll – Follevåg).

Funksjonsinndelinga av fylkesvegnettet skal gje kunnskap som kan nyttast for ein heilskapleg og behovsbasert utvikling av vegnettet. Funksjonsinndelinga skal leggast til grunn ved vurdering av behov for standard som breidde, kurvatur osv., på ulike vegstrekningar. Dei skal også vere grunnlag for prioriteringar av drifts- og vedlikehaldstiltak og investeringar i handlingsprogrammet. Ved langsiktig planlegging og dimensjonering av innsatsen på fylkesvegnettet skal funksjonsklassane leggast til grunn.

4. Inndeling av fylkesvegnettet i funksjonsklassar.

Med utgangspunkt i kriteria for nye funksjonsklassar og forslag til nye funksjonsklassar i Regional transportplan, er fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane delt inn i funksjonsklassar vist på kartet nedanfor.



4.1 Askvoll kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
65	Øvrig	D	Ferjestrekning mellom Askvoll og Fjaler
65	Øvrig	D	Ferjestrekning mellom Askvoll og Fjaler
361	Øvrig	D	Lokal samleveg Askvoll
362	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Askvoll - Follevåg
363	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Holeyvik
364	Sekundær	D	Lokal samleveg på Atløy
364	Sekundær	E	Lokal tilkomstveg Herlandsvik på Atløy
364	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Høyvik på Atløy
365	Øvrig	D	Ferjestrekning
365	Øvrig	D	Lokal samleveg Værlandet/Bulandet
365	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Værlandet/Bulandet
366	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Kvammen
367	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Skjerlid
367	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til kraftstasjon Skorvemarka
608	Primær	C	Lokal hovudveg, tilkomst kommunesenter Askvoll
608	Primær	C	Ferjesamband
609		B	Regional hovudveg som heng saman med fv. 57 og bind saman kommunane langs kysten frå Gulen til Førde.
609	Primær	B	Regional hovudveg Askvoll - Førde

4.2 Aurland kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
50	Primær	C	Fjellovergangen mellom Aurland og Hol har relativt låg trafikk. Blir vurdert som hovudsakleg lokal hovudveg, sjølv om den har noko regional trafikk/turisttrafikk
241	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Bakka
242	Øvrig	D	Lokal samleveg Aurland
242	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Skjerdal
243	Sekundær	D	Nasjonal turistveg (Aurlandsfjellet) C?
243	Sekundær	D	Lokal samleveg Nyheim - Aurland og over fjellet. Nasjonal turistveg - vinterstengd
243	Sekundær	D	Lokal samleveg Nyheim - Aurland og over fjellet. Nasjonal turistveg - vinterstengd
244	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Vassbygd
245	Øvrig	D	Lokal samleveg til Flåmsbana og kaiområde i Flåm
601	Primær	D	Lokal samleveg til Undredal

4.3 Balestrand kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
13	Primær	B	Regional hovudveg - fv. 55
13	Primær	C	Lokal hovudveg Dragsvik - Moskog. Nasjonal turistveg Gaularfjellet
55	Primær	B	Regional hovudveg Dragsvik - Vadheim
55	Primær	B	Arm til Balestrand sentrum - lokalveg med regional funksjon pga ferjekai
152	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Menes

4.4 Bremanger kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
571	Øvrig	D	Lokal samleveg til Hauge i Bremanger
571	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Hauge - Grotle
572	Øvrig	D	Lokal samleveg til Dyrstad
575	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Berle
614	Primær	B	
614	Primær	C	Lokal hovudveg Frå Sjørdal til Isane
616	Primær	B	Regional hovudveg frå Grov til Svelgen, via Bremangersambandet til Oldeide.
616	Primær	C	Lokal hovudveg Oldeide - Smørhamn - Kalvåg
616	Primær	C	Bli omklassifisert til kv
616	Primær	C	Nedlagt ferjesamband
616	Primær	C	Bli omklassifisert til kv
616	Primær	D	Lokal samleveg frå Isane til Kolset
616	Primær	D	Ferjestrekning

4.5 Eid kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
614	Primær	C	Lokal hovudveg Frå Sjørdal til Isane
661	Sekundær	D	Lokal samleveg i Eid
661	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Stårheim
662	Øvrig	D	Lokal samleveg til Torheim
663	Øvrig	D	Lokal samleveg til Nor i Eid
664	Sekundær	D	Lokal samleveg i Eid
664	Øvrig	D	Lokal samleveg til Heggjabygda i Eid
664	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Heggjabygda - Navelsaker
665	Sekundær	E	Lokal samleveg i Eid
698	Øvrig	D	Lokal samleveg "Panoramavegen"
698	Sekundær	E	Lokal tilkomst til Blakset kai

4.6 Fjaler kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
57	Primær	B	
65	Sekundær	D	
65	Sekundær	D	Ferjestrekning
93	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Guddal
392	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Bjørdal
393	Øvrig	D	Lokal samleveg til Tømmerbakke
394	Øvrig	E	lokal tilkomstveg til Straumsnes
607	Primær	C	

4.7 Flora kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
541	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Osen
542	Sekundær	D	Lokal samleveg som bind saman bygder og grender
542	Øvrig	D	Lokal samleveg Eikefjord
543	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Sandvika
543	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Kvalsvik
544	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg i Nordalsfjorden
545	Sekundær	C	Hovudveg i Florø, tilkomst til hamn og lufthamn
547	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Stavøy
548	Øvrig	D	Lokal samleveg Brandsøy - Florø
551	Øvrig	E	Øyane i Florabassenget
552	Øvrig	E	Øyane i Florabassenget
553	Øvrig	E	Øyane i Florabassenget
577	Øvrig	D	Lokal samleveg til Botnane og Villevika
614	Primær	B	Regional hovudveg frå Grov til Svelgen, via Bremangersambandet til Oldeide.
614	Primær	B	
615	Primær	C	Lokal hovudveg Storebru - Hyen - Sandane

4.8 Førde kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
13	Primær	C	Lokal hovudveg Dragsvik - Moskog. Nasjonal turistveg Gaularfjellet
366	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Fauske
481	Sekundær	C	Lokal hovudveg Førde - Slåtten
481	Sekundær	C	Lokal hovudveg Førde - Slåtten
481	Sekundær	D	Lokal samleveg Angedalen
482	Øvrig	D	Lokal tilkomstveg til Masdalen
482	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Masdalen
483	Øvrig	D	Lokal samleveg til Haukedalen
483	Øvrig	E	Lokal samleveg inst i Haukedalen
484	Øvrig	C	Lokal hovudveg frå E39 forbi sentralsjukehuset
484	Øvrig	D	Lokal samleveg til Grimeland i Angedalen
485	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Kråkeneset
609	Primær	B	

4.9 Gaular kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
13	Primær	C	Lokal hovudveg Dragsvik - Moskog. Nasjonal turistveg Gaularfjellet
57	Primær	B	
391	Øvrig	D	Lokal samleveg til Laukeland
421	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Viksdalen
421	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Hestad
421	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg sørsida Hestadfjorden
422	Øvrig	D	Lokal samleveg Osen - Bringeland
423	Sekundær	C	Lokal hovudveg til flyplass, Bringelandsåsen
610	Primær	C	Lokal hovudveg mellom Eldalsosen og Sande, og vidare til Osen. Nasjonal turistveg

4.10 Gloppen kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
60	Primær	B	Regional hovudveg Byrkjelo - Hornindal
615			
615	Primær	C	Lokal hovudveg Storebru - Hyen - Sandane
691	Øvrig	D	Lokal samleveg til Gjengedal i Gloppen
691	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Gjengedal
691	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Mjellem
692	Sekundær	D	Lokal samleveg i Gloppen
693	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Myklebustdalen
694	Øvrig	D	Reed
694	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Reed - Årdal i Gloppen
695	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Breim
696	Øvrig	D	Lokal samleveg Vassenden - Storebrua på Sandane
696	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Kandal i Gloppen
697	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg sørstranda i Gloppen
699	Sekundær	C	Veg til flyplass
700	Øvrig	D	Lokal samleveg Sandane - Hjelmeset
700	Øvrig	D	Lokal samleveg Sandane - Hjelmeset

4.11 Gulen kommune

Fylkesveg nr	Gamla funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
1	Sekundær	C	Lokal hovudveg. Samanbinding mellom E39 og fv. 57, 58 og 59
2	Øvrig	D	Lokal samleveg i Gulen
3	Øvrig	D	Lokal samleveg i Gulen
4	Øvrig	D	Lokal samleveg i Gulen
4	Øvrig	D	Ny veg nordover frå Sløvåg fk
4	Øvrig	D	Ny veg over Brandangersundet til Ånneland
4	Øvrig	E	Gamle fv. 4 - lokal tilkomst
4	Øvrig	E	"Arm til Sellevåg", endar i kv
4	Øvrig	E	Gamlevegen til Skipavik
4	Øvrig	E	Ekspressbåtkai Mjømna?
5	Øvrig	D	Lokal samleveg i Gulen
7	Øvrig	C	Tilkomst til kommunesenteret i Gulen
7	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Dingja
8	Sekundær	D	Lokal samleveg frå Oppedal til Ikjefjord og Hest
57	Primær	B	
57	Primær	B	Ferjestrekning
570	Primær	C	Veg mot Masfjord

4.12 Hornindal kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
60	Primær	B	Regional hovudveg Byrkjelo - Hornindal
664	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Otterdal i Hornindal
726	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Hornindal

4.13 Hyllestad kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
57	Primær	B	
62	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Risnes i Hyllestad
62	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Hovlandsvåg i Hyllestad
64	Øvrig	D	Lokal samleveg i Hyllestad
65	Sekundær	D	
606	Primær	C	ferjestrekning til Solund
607	Primær	C	

4.14 Høyanger kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
8	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg i Ikjefjorden
8	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg (til nedlagt ferjekai?) Svortemyr
55	Primær	B	Regional hovudveg Dragsvik - Vadheim
55	Primær	B	Regional hovudveg Dragsvik - Vadheim
63	Sekundær	D	Lokal samleveg Lavikdalen
91	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Lavikdalen
92	Sekundær	D	Lokal samleveg frå Oppedal til Ikjefjord og Ortnevik
92	Øvrig	D	Lokal samleveg, Bjordal - Matre
93	Sekundær	D	Laokal samlev, mellom Vadhiem, Guddal og til Fjaler
93	Sekundær	D	Lokal samleveg Heldalsheia - Guddal
607	Primær	C	

4.15 Jølster kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
451	Sekundær	D	Lokal samleveg på sørsida av Jølstravatnet
453	Øvrig	D	Lokal samleveg Stardalen
454	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Ålhus i Jølster

4.16 Leikanger kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
185	Øvrig	D	Lokal samleveg Leikanger
185	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Leikanger

4.17 Luster kommune

Fylkes-veg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
55	Primær	B	Regional hovudveg Gaupne - Sogndal
55	Primær	B	Regional hovudveg Gaupne - Sogndal
55	Primær	C	Nasjonal turistveg. Sognefjellet vinterstengt.
331	Sekundær	D	Lokal samleveg Luster sørside frå Skjolden til Urnes
331	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Urnes i Luster
332	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg i Fortun
333	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg i Skjolden
334	Sekundær	D	Lokal samleveg i Jostedalen
334	Sekundær	E	Lokal tilkomstveg i Jostedal
335	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg i Jostedal
336	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Marifjøra
337	Sekundær	D	Lokal samleveg Hafslo - Veitastrond
338	Øvrig	D	Lokal samleveg til Solvorn
339	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Indre Hafslo
603	Primær	D	Lokal samleveg til Marifjøra
604	Primær	C	Lokal hovudveg til Jostedal

4.18 Lærdal kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
243	Sekundær	D	Lokal samleveg Nyheim - Aurland og over fjellet. Nasjonal turistveg - vinterstengd
243	Øvrig	D	Lokal samleveg til Lærdal ferjekai
271	Øvrig	C	Lokal hovudveg til Lærdal sjukehus
271	Øvrig	D	Lokal samleveg Lærdal
272	Øvrig	D	Lokal samleveg Lærdal
273	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Lærdal
630	Primær	D	Lokal samleveg (gml E16)

4.19 Naustdal kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
511	Øvrig	D	Lokal samleveg til Øydebust i Naustdal
511	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg sørsida av Nausta
512	Sekundær	D	Lokal samleveg Naustdal
513	Øvrig	D	Lokal samleveg til Løtuft i Naustdal
513	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Løtuft - Byrkjeflot i Naustdal
611	Primær	C	

4.20 Selje kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
618	Primær	C	Lokal hovudveg Kjødepolen - Selje
620	Primær	C	Lokal hovudveg (Åheim) M&R - Leikanger (Stadlandet)
631	Sekundær	C	Lokal hovudveg, tilkomst til kommunesenter
632	Øvrig	D	Lokal samleveg på Stadlandet
632	Øvrig	E	Lokal samleveg Selje
633	Sekundær	D	Lokal samleveg Stadlandet
633	Øvrig	D	Lokal tilkomstveg til Honnigsvågen

4.21 Sogndal kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
152	Øvrig	D	Lokal samleveg til Mundal i Fjærland
152	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Mundal - Distad i Fjærland
211	Øvrig	D	Lokal samleveg Sogndalsdalen
212	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Sogndal
213	Sekundær	C	Lokal hovudveg: Veg til flyplass Haukåsen
214	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Fimreite

4.22 Solund kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
31	Sekundær	D	Lokal samleveg Ytre Sula
31	Øvrig	D	Ferjestrekning til ytre Sula, Solund
31	Øvrig	D	Lokal samleveg til ferjekai, Ytre Sula
32	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Leknessund i Solund
606	Primær	C	
606	Primær	D	ferje til Losna

4.23 Stryn kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
60	Primær	B	Regional hovudveg Byrkjelo - Hornindal
258	Primær	D	Nasjonal turistveg (Gamle Strynefjellsvegen) Vinterstengd
613	Primær	D	Lokal samleveg - Panoramavegen
698	Øvrig	D	Lokal samleveg "Panoramavegen"
720	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Hjelle i Oppstryn
721	Sekundær	E	Lokal tilkomst til Faleide
722	Øvrig	D	Lokal samleveg til Flo
723	Sekundær	D	Lokal samleveg Lodalen
723	Sekundær	E	Lokal tilkomst inst i Lodalen
724	Sekundær	D	Lokal samleveg Oldedalen
725	Øvrig	D	Lokal samleveg til Moldreim
725	Øvrig	E	Lokal samleveg til Moldreim

4.24 Vik kommune


Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
92	Øvrig	D	Lokal samleveg til Arnafjord
121	Øvrig	D	Lokal samleveg i Vik sentrum
121	Øvrig	E	Lokalveg til Seljedalen i Vik
122	Øvrig	E	Lokal samleveg til Refsdal/Ovrisdalen i Vik
181	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg i Feios
182	Øvrig	D	Lokal samleveg Feios - Fresvik
182	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Fresvik
183	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Fresvik
184	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg Fresvik
602	Primær	D	Lokal samleveg til Feios

4.25 Vågsøy kommune









Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
61	Primær	B	Del av kystvegen? Samanbinding mot Møre og Romsdal
600	Sekundær	D	Lokal samleveg i Vågsøy
600	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Kråkeneset
616	Primær	B	
616	Primær	D	Ferjestrekning
617	Primær	C	Lokal hovudveg Måløy - Raudeberg
618	Primær	D	Lokal samleveg Almenning - Eide. Skulle det vore hovudveg?
621	Sekundær	D	Lokal samleveg til Vågsvåg i Vågsøy
621	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg i Vågsvåg - Oppedal i Vågsøy
622	Sekundær	D	Lokal samleveg i Vågsøy
623	Sekundær	D	Lokal samleveg i Vågsøy
623	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg til Osmundvågen
624	Øvrig	E	Lokal tilkomstveg på Husevågøy

4.26 Årdal kommune

Fylkesveg nr	Gamal funksjonsklasse	Framlegg ny funksjonsklasse	Merknad
53	Primær	B	Tyin - Årdal viktig for næringslivet
53	Primær	B	Fodnes - Årdalstangen - Øvre Årdal viktig regional hovudveg.
301	Øvrig	D	Lokal samleveg Utladalen i Årdal
302	Øvrig	D	Lokal samleveg Fardalen i Årdal
303	Øvrig	D	Lokal samleveg til Seimsdal i Årdal



Funksjonsklassar 2014
Sogn og Fjordane

	Riksveg		B		D	0	10	20 Km		
			C		E	Dato: 30.09.2014 Geodataseksjonen, sarlar				